

## MØTEPROTOKOLL

--

Råd	Møtedato	Tidspunkt
Herdla sokneråd		
Sak frå : 09 / 2018 Sak til: 18 / 2018	Torsdag 15 februar 2018	<u>Møtestad:</u> Kyrkja

Frammøtte: 5 av 7 medlemmer, 2 varamedlemmer.

Til stades

**Medlemmer:**

Kjellaug Fauskanger Eidsaa , Kjell Berland, Ivar Eidsaa  
Astrid Marie Haugland og Reidun Håpoldøy.

**Varamedlem:** Gunvor Eggebø Næss og Bente Breivik.

**Meldte forfall:** Solfrid Kongshaug Aase og Einy Daviknes

Andre frammøtte:

**Sak / år:**

**09/2018: Møteprotokoll frå møte 10 januar vart godkjent.**

**10/ 2018: Meldingar:**

Ynskje om offer til Kirkens bymisjon i samband med TV aksjonen.

Vedtak: Vi går inn for det.

**11/ 2018: Gudstenesteliste:**

21/01: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/ Peter Johansen. Dåp. Offer: Eige arbeid. Ansvarleg: Team 2.

**24/01: kl.17.00: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30.**

04/02: kl.11.00: Gudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer: Bibelselskapet.  
Ansvarleg: Team 3.

**14/02: Gudsteneste på Fromreide eldresenter. Nattverd. Kaffi frå kl.16.30**

.....  
18/02: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Peter Johansen. Nattverd. Offer: Kirkens nødhjelp.  
Familiegudsteneste. Tenn lys. Herdla barnekor deltek. Ansvarleg: Team 4.

21/02: **kl.19.00:** Fastegudsteneste v/ Astrid Marie Haugland. Nattverd. Offer:  
Ungdomsarbeidet. Ansvarleg: Dei som kan frå teama.

04/03: kl.11.00: Hovudgudsteneste v/Godtfred Haugland. Nattverd. Offer: Eige arbeid.  
Ansvarleg: Team 1.

### **12/ 2018 :Evaluering og førebuing av gudstenestene.**

Gudstenestene på eldresenteret: Det ligg liste i nattverdskassen, der vi skriv opp antall deltagere, antall til nattverd, namn på prest, medhjelparar og evt. andre ting. Det lettar arbeidet når det vert ført statistikk.

18/02: Det er ikkje dåp. Nattverd i staden for. Utdeling av 6 års bok og fastelys til førskuleborn.

21/02: Fastegudstenesta vert med kyrkjevandring og lesing som i fjor.

### **13/2018:Benkane i kyrkja/ stolane frå Erdal kyrkje. Bord:**

Vedtak: Vi ynskjer å ta bort 2 benker på kvar side bak i kyrkja og erstatta dei med stolar. Stolane må ha fargar som passar inn.

Det er for å få det meir funksjonelt med tanke på kyrkjekaffi og andre ting. Det er og viktig med betre plass for rullestolbrukarar og for plassering av t.d. barnevogner. Må ha bord som passer til.

Dette som ei prøveordning.

Det er og eit stort ynskje om tilgjengelighet til alteret for rullestolbrukarar. Vi må også hugse på å leggja ut rampe ved ytterdør før gudstenestene.

### **14/2018: Brannvern i kyrkja:**

Kyrkjetenar Erlend var med og orienterte om brannvernet i kyrkja. Han er ansvarleg og gjev, saman med presten, dei instruksane som trengs ved ein eventuell brannalarm.

Vi gjekk og ein runde der vi såg på alarmsentral, brannslukkingsapparat og nødutgangar.

### **15/2018: Kystsogevekene 2018. Sjøreis/ kyrkjereis:**

Det er ynskje frå m.a. kystlaget om å gjenskapa historien om då stein vart frakta til Herdla frå gardane rundt for å byggja ny kyrkje og når folk kom sjøvegen til kyrkja.

Ein komité arbeidar vidare med dette, prøver å få fleire å samarbeida med, og satsar på ein spanande og historisk dag på Herdla i samband med kystsogevekene.

### **16/ 2018: Fasteaksjonen 2018 ( 20 mars):**

Som tidlegare år, lagar vi til liste med fordeling av område for konfirmantane, og ser kva vi treng av bøsseberarar. Matriell vert bestilt og bøsser laga til.

Vi treng og folk i kyrkjelydshuset. Oppgåver vert fordelt etter kvart.

### **17/ 2018: Medarbeidarfesten 2018 (6 april)**

Vi diskuterte kven som skulle inviterast og musikkinnslag.

### **18/2018: Eventuelt:**

- Kunngjeringane i kyrkja.: Det er ofte mange kunngjeringar som skal lesast opp og ofte liten tid til førebuing. Det er viktig at vi først og fremst tek med det som er i vår kyrkjelyd, lagar det enkelt og henviser til eventuelle. brosjyrer. Vi kan også ha noko på Powerpoint.
- På eit seinare møte ser vi på musikkplanen og revidering av den.
- Ny diakon vert vigsla i Ask kyrkje 25 februar. Fint om nokon frå Herdla kyrkjelyd er med.
- Det er mange gonger lite varme i kyrkja under gudstenestene.
- Det har vore elektrikere i kyrkjelydshuset for å gje eit prisoverslag over arbeid som må gjerast der. Det trengs m.a. ein del nye ovner og lys.

### **Neste møte vert onsdag 7 mars .**

Håpolden, 24 februar. 2018..

*Reidun Håpolden*

Referent.